



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand
Postboks 62
6801 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 20.11.2008.

Omfordeling av geitmjølkkvote 2008.

Statens landbruksforvaltning melder om stor interesse for kjøp av geitmjølkkvote. 136 produsentar (ein tredjedel av alle produsentane) kjøper kvote. Det betyr at interessa for å kjøpe kvote er like stor som i 2007.

16 produsentar har solgt kvota i år. (8 produsentar i Sør – Norge og 8 produsentar i Nord – Norge).

I år omfordeler Statens landbruksforvaltning (SLF) 369 983 liter geitmjølk.

Resultatet av omfordelinga er at alle kjøparar i Sør – Norge får 9 prosent av mengda dei ynskjer utover 800 liter, mot 16,2 prosent i Nord – Norge.

Døme, Sør – Norge:

Ynska kvotekjøp er 15 000 liter.

Alle som har søkt om å kjøpe geitmjølkkvote får først tildelt 800 liter. Dette går så til frådrag i ynska kjøpskvantum som ein får kjøpe 9 prosent av. (Sør – Norge).

Denne produsenten får:

$(15\ 000\ \text{liter} - 800\ \text{liter}) \times 9\ \% = 1278\ \text{liter} + 800\ \text{liter} = \underline{2078\ \text{liter}}$

Sjå fylkesoversikt over kjøp og salg av geitmjølkkvote 2008.